



## Referat for SSU-møte 3 - 2025

**Føremål: Strategisk samarbeidsutval møte 3 2025**

**Møtetid: 30.09.25 kl. 11.30 - 15.00**

**Møtestad: Førde sjukehus, Styrerrommet Hildra**

**Møteleiar: Martin K. Lundgård**

<b>Deltakarar:</b>			
<b>Namn</b>	<b>Tittel</b>	<b>Eining</b>	<b>Fråvær</b>
Martin Lundgård	Kommunedirektør	Askvoll kommune/ HAFS	
Terje Heggheim	Kommunedirektør	Sunnfjord kommune/ SIS	
Anders Skipenes	kommunedirektør	Gloppen/Nordfjord	K.Dahl
Gunn Lerøy	Kommunedirektør	Lærdal kommune/ Sogn	Teams
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Fagleg samarbeidsutval	
Kjell-Wernik Nystøyl	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator/ Fagleg samarbeidsutval	
Arve Varden	AD	Helse Førde HF	
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF	
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	Forfall
Asle Kjølraug	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagleg samarbeidsutval	
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	B.M.Øen
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF/Fagleg samarbeidsutval	
Heidi Alice Vederhus	Stadleg leiar NSH	Helse Førde	
Michael Milde	Medlem FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Arne Hovland	Nestleiar FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
<b>Observatørar:</b>			
Hilde Ystanes	Seniorrådgjevar	KS Vest-Norge	
Linda Svori	Ass fylkeslege	Statsforvaltaren	Teams
Barbro Longva	Leiar FSU	Stad kommune	
<b>Vara:</b>			
Bjørn Morten Øen	Direktør Kirurgisk klinikk	Helse Førde	For T.Vingsnes
Vidar Øvrebø	stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde/Fagleg samarbeidsutval	
Toril Taklo	avdelingssjef PHV for barn og unge	Helse Førde	
Kristine Dahl	Kommunaldirektør	Stad kommune	For A.Skipenes
Øyvind Bang Olsen	kommunedirektør	Kinn kommune/Sunnfjord	
Jens-Eivind Kobbeltvedt	kommunedirektør	Solund kommune/HAFS	
Marius Solbakken	kommuneoverlege	Stryn kommune/Fagleg samarbeidsutval	



## Sakliste

Sak nr.		Tema:	Ansvar:
	11.30	Lunch	
13/25	11:45	Godkjenne innkalling og sakliste	
14/25		Godkjenne referat frå forrige møte Gjennomgang av aksjonspunkt	
15/25	11.55	Den økonomiske situasjonen i Helse Førde	Orientering
16/25	12.30	Vidare prosess for organisering av helsefellesskapet	Vedtak
17/25	12.10	Gjennomgang av revidert mandat for nye FSU	Vedtak
18/25	13.00	Arbeidsgruppe samhandlingsavvik – status og vegen vidare	Vedtak
19/25	13.20	Sluttrapportering: «Samarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging»	Vedtak
20/25	14.10	Oppdatering – status for arbeidet med Vestlandslegen	Orientering
21/25	14.30	Pasientens legemiddelliste	Orientering
/25		Eventuelt	

## Referat

Sak nr.	Tema:
	Lunch
13/25	<p><b>Godkjenne innkalling og sakliste</b></p> <p>TIL Eventuelt: Evaluering av Samhandlingskonferansen.</p> <p>Innkalling og sakliste godkjent.</p>
14/25	<p><b>Godkjenne referat frå forrige møte</b> <b>Gjennomgang av aksjonspunkt</b></p> <p>Referat frå forrige møte 14.05. godkjent. Legge aksjonspunktlista rett under saklista til neste gong.</p>



AKSJONSPUNKTLISTE 14.05.25			
Nr.	Sak.	Ansvarleg	Frist
1	Vurdere om beredskap (Jobba mykje med frå statsforvaltaren) skal vere oppe som eiga sak	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025
2	Partnarane gjere vurderingar internt om tal representantar i SSU framover. Kan/Bør ein redusere, og er det evt. andre ressursar som bør inkluderast	Partnarane	Neste møte, møte 3 2025
3	Oppdatering om status for Vestlandslegen og vidare planlegging.	Sekretariat	Møte 3 eller 4, 2025
4	Presentere nytt utkast til generelt mandat for FSU	Sekretariat	Neste møte, møte 3 2025

Aksjonspunkt:

- 1.Heng litt saman med delavtale Beredskap. Ta i same sak.
- 2.Kjem i eiga sak i dag.
- 3.Kjem i eiga sak i dag.
- 4.Kjem i eiga sak i dag.

**15/25 Den økonomiske situasjonen i Helse Førde**

Viser til styrevedtak frå 25.09 for detaljar [Bilde - Styresak HF 25.09.25.png](#).

Arve orienterer til status for heile 2025, og spesielt siste styrevedtak, der ein vedtok å gå vidare med utgreiing av enkelte konkrete tiltak.

4 punkt har treft Helse Førde som gjer situasjonen spesielt krevjande.

Høg tal stillingar, store kostnader innanfor IT, kostnadane har auka meir enn deflator. Medikamentkostnadar, meir enn deflator. Renter og avdrag frå byggeprosjekt, renta har også gått opp.

Går igjennom dei 5 punkta som skal utgreiast vidare.  
Ortopedi samla på ein plass gir stort potensiale for innsparingar.  
Skadepoliklinikk kunne vore samarbeid mellom Helse Førde og kommunane, jfr. Avtale frå 2013, denne har ikkje blitt fulgt opp.

Tidlegast saka kan vere klar for vidare handsaming i styret er møte 27.november.  
Viser til korleis prosessen vil gå internt.

Opnar for innspel om korleis ein skal ivareta dialogen med kommunane i dette arbeidet.  
Legg ikkje opp til at det skal sitte represeentantar frå kommunane i arbeidsgruppene, då det opplevast som lite hensiktsmessig, men skal sikre at ein tar inn innspel på andre måtar.

Innspel frå Gunn om kor alvorleg ein ser på dette frå Sogn og Lærdal.  
Stenging av Lærdalstunnelen sommaren –26. Innverknad for beredskap og pasienttryggleik, det vil gjere det mindre trygt å bu i Sogn, slik dei ser det. Ynskjer også at statsforvaltar koplar seg litt på med tanke på beredskap.



	<p>Statsforvaltar v/Linda Svori ynskjer at kommunane får vere meir deltakande i arbeidsgruppene, for å sikre god innverknad. Arve svarar ut at det sjølvstøtt er svært viktig å ha inkluderande og gode prosessar, vil vere ulik oppfatning av kva som er god løysing her.</p> <p>Innspel om at alle kommunar må takast med i arbeidet.</p> <p>Innspel frå Terje om at ein må sikre gode arenaer for samhandling og innspel i den krevjande prosessen ein står i. Kommunane har også krevjande økonomisk situasjon og forståing for utfordringa, men utløyser også frustrasjon, og vil vere kamp om fordelinga.</p>
<b>16/25</b> (12.29)	<p><b>Vidare prosess for organisering av helsefellesskapet</b></p> <p>Viser til saksunderlag 16/25 for detaljar <a href="#">Sak 16-25 - Vidare prosess for organisering av helsefellesskapet.docx</a>.</p> <p>Martin oppsummerer forslag til vidare organisering av helsefellesskapet. Semje om at det skal vere eit stort SSU, med mange medlemmar.</p> <p>Innspel om at ein kan ta inn kommunalsjefar/avdelingssjefar og andre fagpersonar for å få betre grunnlag i enkeltsaker.</p> <p><b>Framlegg til vedtak:</b> <i>Strategisk samarbeidsutval (SSU) gir dagens faglege samarbeidsutval (FSU) i oppdrag å etablere FSU for eldre med skrøpelegheit. SSU ber om at dagens FSU sikrar oppstart av nytt FSU.</i></p> <p><i>Partnarane er samde om at SSU skal ha følgjande samansetjing:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 6 representantar frå kommunane</li><li>• 6 representantar frå Helse Førde</li><li>• 2 brukarrepresentantar</li><li>• KS og Statsforvaltaren vert framleis invitert med observatørstatus</li></ul> <p><i>Det vil bli oppnemning av nye medlemmer i SSU i møte 4/25 - 21.11.2025.</i></p> <p>Arbeidet i FSU må ta utgangspunkt i Helsedirektoratet sine føringar. Starte implementering av kartleggingsverktøyet CFS.</p> <p>Vidare diskusjon om innhald og mandat i FSU over i sak 17/25.</p> <p><b>Vedtak</b> SSU godkjenner samansetninga av nytt SSU. Konkret oppgåve i nytt FSU blir implementering av CFS. SSU ynskjer orientering om status før sommar 2026.</p>
<b>17/25</b>	<p><b>Gjennomgang av revidert mandat for nye FSU</b></p> <p>Viser til <a href="#">Sak 17-25 Revidert utkast til mandat FSU.docx</a> for detaljar.</p>



	<p><b>Framlegg til vedtak</b> Strategisk samarbeidsutval vedtek mandat for faglege samarbeidsutval i Sogn og Fjordane helsefellesskap.</p> <p><b>Vedtak:</b> Strategisk samarbeidsutval vedtek mandat for faglege samarbeidsutval i Sogn og Fjordane helsefellesskap.</p>
18/25 (12.50)	<p><b>Arbeidsgruppe samhandlingsavvik – status og vegen vidare</b></p> <p>Viser til saksgrunnlag 18/25 for detaljar <a href="#">Sak 18-25 Arbeidsgruppe, samhandlingsavvik - vegen vidare.docx</a>.</p> <p>Dagrun innleiar om bakgrunn for framlegg til vedtak, Kjell-Wernik supplerer omkring arbeidet.</p> <p><b>Framlegg til vedtak</b></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Arbeidsgruppa læring av uønska hendingar vert lagt ned</li><li>2. Helse Førde v/rådgjevar, i samarbeid med sekretariat og arbeidsutval i helsefellesskapet, utarbeidar årsrapport om samhandlingsavvik til SSU sitt første møte i året</li><li>3. Dei faglege samarbeidsutvala får oversendt repeterande, aktuelle samhandlingsavvik og blir bedne om å arbeide fram tiltak for å førebyggje avvik. Læringsnotat skal utarbeidast og presenterast for SSU</li></ol> <p>Innspel om at ein ikkje bør legge ned arbeidet, for dette er noko viktig som ein må jobbe vidare med. Viser også til ny lov om korleis ein skal ivareta pasientar.</p> <p>Innspel frå Asle om at ein godt kan forsøke å prøve ut ei ordning der dei nye FSU'a får tilsendt sine uønska hendingar innanfor sitt felt. Har gjort noko liknande innanfor enkelte felt internt i Helse Førde. SSU kan ivareta den overordna oversikta over uønska hendingar, og dei nye FSU'a tek sine konkrete saksfelt. Bør nytte dei organa som finns, og ikkje opprette for mange nye.</p> <p>Vidare diskusjon omkring ulike løysingar å organisere arbeidet på, og framlegg til vedtak.</p> <p>Alle deltakarar/partar må ta eigarskap til arbeidet, vite om, og prioritere helsefellesskapet.</p> <p><b>Avstemming:</b> Punkt 1: Einstemmig vedtatt. Punkt 2: Einstemmig vedtatt. Punkt 3: Ei røyst mot, Jan Helge Dale.</p>
13.16-13.25	<b>Pause</b>
19/25	<b>Sluttrapportering: «Samarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging»</b>



	<p>Viser til saksunderlag sak 19/25 og sluttrapport med vedlegg, for detaljar <a href="#">Sak 18-25 Arbeidsgruppe, samhandlingsavvik - vegen vidare.docx</a>.</p> <p>Kjell-Wernik orienterer til arbeidet som har vore gjort, og dei 6 ulike tiltakskorta som vart resultat av arbeidet. Kanskje er rekruttering og det som går på leiarsamlingar det viktigaste og enklaste å prioritere å ta tak i.</p> <p>Innspel om at ein må kartlegge kva møteplassar som allereie finns, og kan nyttast for vidare arbeid.</p> <p>Kanskje må ein sjå litt meir på detaljane og korleis ein skal fylgje opp arbeidet vidare. Nokre tiltak er store og krevjande, og vil også ha store kostnader. Kjell-Wernik svarar ut at ein har vurdert å ta presentasjonen no, ta imot evt. Innspel og evt. omarbeide og komme med meir konkrete tiltak til seinare møte. Semje om at dette er stort og godt arbeidet som gir godt grunnlag for vidare arbeid. Ulike innspel om korleis ein skal konkretisere/spisse arbeidet vidare, tillegg til vedtaket.</p> <p>Det finns ulike samarbeidsforum mellom helseføretak og utdanningsinstitusjonar, men ikkje så mykje mot fylkeskommunalt nivå og vidaregåande skular. Hilde kan orientere om regionale føringar for samarbeid. Innspel om utfordring til at dei ulike kommunane også må møtast og samsnakke i forkant av SSU-møte slik at dei saman er godt førebudde til møta. Ulike kompetansefora eksisterer allereie blant dei ulike partane.</p> <p><b>Framlegg til vedtak:</b> Strategisk samarbeidsutval tek orienteringa til vitande.</p> <p><b>Vedtak:</b> Strategisk samarbeidsutval tek orienteringa til vitande. Helse Førde vert utfordra på å komme med forslag til utprøving/pilotere ordning med psykologar. SSU ber sekretariatet til neste møte fremme ei sak som legg til rette for at SSU kan prioritere blant tiltaka. Saka bør óg gi eit oversyn over pågåande aktivitetar med aktørar. Sekretariatet blir bedne om å forme konkrete forslag til vidare arbeid og plassere oppgåver, sak til neste møte.</p>
<p><b>20/25</b></p>	<p><b>Oppdatering – status for arbeidet med Vestlandslegen</b></p> <p>Viser til presentasjon <a href="#">Vestlandslegen.pptx</a> for detaljar.</p> <p>Kaya Jacobsen orienterer til presentasjon. Det er nyleg formidla på møte at UiB planlegg for ca. halvparten så mange stillingar som først skissert, dette var veldig overasskande og er meldt tilbake som ei utfordrande, og blir sett på.</p> <p>Asle viser til møte som har vore der kun Sunnfjord kommune og legar var med, viktig for alle kommunar å vere aktive der ein vil gi innspel og påverke. Kurt Even Andersen sit også i referansegruppa og kan vere ein innfallsport til påverknad. Ynskjeleg med ein informasjon frå Kurt Even om arbeidet i referansegruppa.</p>



	<p><b>Vedtak:</b> Styringsgruppa tek saka til vitende.</p>
21/25	<p><b>Pasientens legemiddelliste (PLL)</b></p> <p>Martin innleiar med informasjon om møte som har vore, og kva som er status i dag. Ulike system i helseføretak og ulike legesenter i kommunane. Svært viktig og ynskje om felles og oppdatert legemiddelliste. Helseføretak har rigga seg med system som skal kunne handtere dette, viktig at også kommunane gjer det.</p> <p>Lars Ivar Mehlum frå Helse Vest IKT viser presentasjon frå Bergen kommune <a href="#">PLL-Presentasjon - SSU 30.09.25.pdf</a> (Lars Nedreid). Viser til korleis Pasientens legemiddelliste har blitt innført i Helse Bergen. Helsefellesskapet har blitt valt som samlande organ i Helse Bergen.</p> <p>Spørsmål frå brukarrepresentant om dette systemet kommuniserer med Helsenorge, viktig for pasient/brukarperspektivet at ein framleis kan forhalde seg til helsenorge og ha oversikt og handtere reseptar her. Lars Ivar svarar også at det har vore snakk om at systema skulle snakka meir saman og pasienten skal kunne få oversikt over PLL her, men dette er ein ikkje heilt sikker på status akkurat no. Helse Norge vil fungere som før.</p> <p>Spørsmål og innspel frå Jan Helge, skulle også vore løysing mellom fastlegar og kommunal heimeteneste, då ein har mykje meir samhandling mot desse. Går an å starte med samarbeid mellom helseføretak og fastlegar, og få gevinstar her, og deretter breidde utover. DigiVestland, og IKT-samarbeid må sjåast i samheng med dette arbeidet. Dette er meint som ei orienteringssak og eit eksempel på område der ein kan samhandle og samarbeide.</p> <p><b>Vedtak:</b> Styringsgruppa tek saka til vitende.</p>
22/25	<p><b>Eventuelt</b> <b>Evaluering av Samhandlingskonferansen.</b></p> <p>Kjell-Wernik viser siste referat frå komité for Samhandlingskonferansen, evalueringsmøtet. Konferansen blir oppfatta som vellukka. Det som ikkje verkar til å vere tilfredsstillande er kunnskap omkring helsefellesskapet. Burde vore arbeidd meir med gruppearbeida. Ynskjeleg at det kunne vore styrt plassering, slik at folk og partar vart endå meir blanda. Vere medviten på å behalde fokuset på dei reelle utfordringane.</p> <p>Vurdere å flette helsefellesskapet inn i namnet på konferansen. Kan ein forene erfaringskonferanse og samhandlingskonferansen, og treffe, og få samla alle nivå og roller i same konferanse, også nyttig å sitte saman på tvers.</p> <p>Godt forslag å inkludere helsefellesskapet i namnet, god symboleffekt, og viktig å relatere det til helsefellesskapet. Fint med innslag frå grasrota i både kommune og helseføretak</p>
	<p><b>Møtet slutt: 14.55</b></p>



AKSJONSPUNKTLISTE 30.09.25			
Nr.	Sak.	Ansvarleg	Frist
1	Vurdere om beredskap (Jobba mykje med frå statsforvaltaren) skal vere oppe som eiga sak	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025
2	Orienterer til regionale føringar for samarbeid Sak 19/25	KS/Hilde	Neste møte
3	Utarbeide konkret forslag til korleis ein skal arbeide vidare frå sluttrapporten « <b>Samarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging</b> » plassere tydeleg ansvar for vidare tiltak.	Sekretariat	Neste møte
4	Få orientering om arbeidet i referansegruppa til Vestlandslegen. 20/25	Sekretariat	Neste møte